

Planstrategi for Austevoll kommune valperioden 2015-2019

Innleiing

Innbyggjarane og bedriftene er grunnlaget for utviklinga av Austevoll-samfunnet.

Ei overordna målsetjing med planstrategien til Austevoll kommune, er å sjå samanheng mellom kommunen sine ressursar og framtidige samfunnsoppgåver.

Føremål med planstrategien

Planstrategien skal vise korleis kommunens eksisterande og framtidige planar skal prioriterast.

Strategien rører ved sentrale delar av kommunen sitt ansvar og oppgåver på eit overordna plan. Det viktigaste er forsvarleg arealforvaltning som sikrar vekst og ei positiv samfunnsutvikling. Arealforvaltninga skal balansere ulike arealføremål og i tillegg sikre ei klima- og miljøvenleg utvikling.

Planstrategien skal vise rolledelinga mellom forvaltningsnivå, kva som er kommunen sine oppgåver og ansvar, og sikre at kommunen klarar å balansere interesser i møte med overordna regionale planar og føringar.

Regionale planar er retningsgjevande og må ikkje utfordre det kommunale sjølvstyret eller overstyre dei kommunale planar og avgjersler.


Medverknad og prosess

Alle sektorar og leiarar i kommuneorganisasjonen har vore invitert til å medverke til planstrategien. Innspela blei samla i første skisse. Planskissa blei òg sendt ut for å få synspunkt frå relevante fagmynde og interessegrupper. Innspela er samla og innarbeida i planstrategien. Planen vert lagt ut offentleg ettersyn i 30 dagar før vedtak i kommunestyret.

Austevoll formannskapet har vore styringsgruppe for planstrategien

Formelle krav

Planstrategien er eit lovbestemt arbeid etter plan- og bygningslova og heimla i paragraf 10, første ledd. Kommunen skal utarbeide ein kommunal planstrategi minst éin gong i kvar valperiode og vedta den senast innan eitt år etter konstituering av kommunestyret.



Kommuneplan:

Kommuneplanen er kommunens overordna styringsdokument. Planen tek for seg sentrale strategiske spørsmål, viser Austevoll sine overordna og langsiktige mål for samfunnsutviklinga og den kommunale verksemda.

Nasjonale forventingar, statlege planretningslinjer og regionale føringar skal takast omsyn til. Samstundes skal kommuneplanen vere basert på ein heilskapleg analyse av kommunens utfordringar.

Planen skal gi rammer for verksemdas planar og tiltak, og planar for bruk og vern av areal.

Andre plandokument skal byggje vidare på fundamentet som kommuneplanen legg. Ein kommuneplan består av ein samfunnsdel med handlingdel, og ein arealdel.

Kommuneplanen sin realdel er juridisk bindande og gjev rammer for plan- og byggsaksbehandlinga. Planen er òg førande for framtidige planar.

Kommuneplan for Austevoll, arealdel og samfunnsdel, blei godkjend av kommunestyret 18. juni 2013. Gjeldande kommuneplan har framtidsperspektiv til 2024.

Kommunestyret vedtok 15. desember 2014, i sak 138/14, å starte arbeid med revisjon av arealdelen og samfunnsdelen. Arbeidet er satt i gong.

Kommuneplanen samfunnsdel

Samfunnsdelen set føresetnader til kva kommunen ønskjer å vektlegge og prioritere i planperioden.

Samfunnsdelen skal:

- Fastsetje langsiktige utfordringar som vert lagt til grunn for arealdel og sektorplanar.
- Setje mål og strategiar for heile samfunnet, og gje retningslinjer for gjennomføring av kommunens verksemd og medverknadsprosessar
- Ivareta kommunes tenesteproduksjon
- Setje rammer for kommunen som organisasjon

Arealdel

Kommuneplanen sin arealdel er kommunen sitt verktøy for arealdisponering, og skal sikre

ei forsvarleg utvikling av samfunnet, gjennom blant anna å sikre område for bustad, næringsliv, infrastruktur, natur- og friluftsliv, naust og fritid. Plankartet og føresegnene er juridisk bindande.

Kommuneplanens arealdel skal:

Angi hovudtrekka i arealdisponeringa

Legge til rette for ny arealbruk, og setje rammer og føresetnad for dette

- Innehalde plankart med arealføremål
- Innehalde føresegner og retningslinjer
- Innehalde planskildring der det blant anna framgår korleis nasjonale mål og retningslinjer vert vurdert, og der det framgår at overordna planar for arealbruk vert ivaretatt

Revisjon av kommuneplan

Det er behov for å revidere kommuneplanen i sin heilskap. Vidare arbeide med planprogram kan starte når planstrategien er vedteken.

Kommuneplanens samfunnsdel

Gjeldande samfunnsdel i kommuneplanen bør ved revidering supplerast med:

- Samfunnstryggleik og beredskap
- Langsiktig folkehelsearbeid
- Oppvekstvilkår og helse
- Klima- og miljøutfordringar
- Ivaretaking av universell utforming
- Inkludering og medverknad

Kommunes arealdel

I arbeidet vert det tilrådd følgjande prioriteringar:

- Plankartet vert oppdatert
- Føresegnene vert oppdatert
- Planlegging for område og tiltak i sjø
- Planlegging av utbyggingsområde
- Planlegging av strandsona — med differensierte føresetnader for ulike områder

Øg andre kommunale planar treng revisjon, men det er mogleg å forenkle plansystemet gjennom tversovergripande planar mellom fag, sektorar og arbeidsområde, til dømes innan veg, kollektivtransport, arealbehov og miljøutfordringar. Det same gjeld innafor helse, oppvekst, areal og miljø.

Overordna føringar

Regjeringa har samla nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging i kongeleg resolusjon av 12. juni 2015. Dei nasjonale forventingane skal følgjast opp i arbeidet med planlegging i kommunane, og skal medverke til at kommunane tek opp viktige utfordringar i samfunnsutviklinga.

Forventningane er sentrert til desse tema:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Regionale føringar skal bli tatt omsyn til i arbeidet med kommuneplan. Hordaland fylkeskommunen har starta arbeidet med å lage ny planstrategi for 2015-2020. Den omtaler viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar for fylket.

Fokusområda:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk vestlandsregion

Andre regionale planar vert tatt omsyn til i arbeidet med kommuneplan.

Interkommunalt samarbeid

Kommunen har avtale om tenester frå Fitjar og Stord kommunar for skogbruksnæringa og forvaltning av vilt. No ønskjer kommunen å utvide samarbeide om tenester for landbruksnæringa. Følgjande planer er interkommunale:

- Interkommunal strandsonesplan for Sunnhordland og Ytre Hardangerfjorden.
- Beredskapsplan for IUA-Bergensregionen.
- Kyst ROS 2014 for Austevoll kommune.
- Renovasjon utført av Sunnhordland interkommunale miljøverk SIM.

Potensielle satsings- og utviklingsområde

1. Arbeide for god folkehelse. God livskvalitet til innbyggjarane.

God folkehelse er ein av kommunen sine sentrale oppgåver og Hhlsprofil 2014 "God helse, felles ansvar" gjev grunnlag for trendar og utviklingstrekk i Austevoll.

Det nye helsehuset vil knytte helsetenestene tettare saman og gje rom for betre samarbeid.

Folkehelsearbeidet i kommunen handlar om førebyggjing og om å skape gode oppvekstvilkår og levekår for heile livsløpet.

Mål: Auka merksemd på folkehelse og stadig høgare livskvalitet for innbyggjarane i Austevoll.

Strategi:

Utarbeide ein tverrsektoriell plan: «trivsel er helse — godt miljø og livskvalitet for alle». Planen skal ha vekt på førebyggjing og vere samordna med kommunens komande eldrestrategi.

2. ARBEIDE FOR GODE OPPLEVINGAR GJENNOM HEILE LIVSLØPET TIL INNBYGGJARANE

Kommune har ansvar som tilretteleggjar og planleggjar for samfunnsoppgåver knytt til livsløpet til innbyggjarane. Samarbeid på tvers av sektorane kan bidra til oppbygging av gode miljø som fremjar livskvalitet. Kommunen har

utarbeidd ein skuleplan, kulturskuleplan og plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv. Barnehagane er privatiserte og kommunene er barnehagemynde.

Kulturminneplan er under arbeid.

Kultur er viktig for gode opplevingar og auka livsglede. Private aktørar, frivillige organisasjonar og lag er pådrivarar for alle fritids- og kulturtilbod i kommunen, med unntak av den kommunale kulturskolen.

Mål: Arbeide for å gi innbyggjarane gode opplevingar gjennom heile livsløpet.

Strategi: Tverrsektoriell samhandling og utarbeiding av planen "trivsel for alle — godt miljø og livskvalitet for alle» for å samordne skule, barnehage, helse, fritidstilbod og kultur.

3. ARBEIDE FOR EIT TRYGT SAMFUNN

God samfunnsplanlegging er forebyggingsarbeid som tar opp i seg utfordringane i et langsiktig perspektiv.

Kommunen må arbeide for å betre rutiner for å sikre at utbygging og nye tryggleikstiltak følgjer kvarandre, med tanke på beredskap, blant anna slukkevasskapasitet, høgde på bygg, og veg.

Austevoll kommune skal ha god beredskap, med gode rutinar i kommuneorganisasjonen for å handtere beredskapshendingar. I revideringa av kommuneplan bør ein setje krav om samordning med overordna beredskapsplan.

Mål: God beredskap og høg oppleving av tryggleik hos innbyggjarane i ekstremsituasjonar.

Strategi: Etablere overordna plan for beredskap og vere førebudd på handtering av uønska hendingar.

4. ARBEIDE FOR Å UNNGÅ KLIMAUTSLEPP OG FORURENING

Klima- og miljøomsyn er i lita grad innarbeidd i kommunens plansystem. I samband med revideringa av kommuneplanen vil omsyn til miljø- og klimautfordringer bli drøfta.

Næringslivet i Austevoll har stor samfunnsmessig verdi, både lokalt, og for matforsyning globalt. Kommunen skal samarbeide tett med næringslivet for å sikre vidare utvikling og vekst.

Eit lågutsleppsamfunn med arealeffektisering og samordning av transportsystemet er bidragsytarar til å redusere klima- og forureining.

Mål: Redusere klimautslipp og forureining.

Strategi: Eit tettare samarbeid med næringane i utforminga av ein klima- og miljøstrategi.

5. HEILSKAPLEGE AREALPLANAR

Samfunnsutvikling er grip over dei fleste kommunale sektorar og einingar. Ei viktig oppgåve kommunen har som mynde i arealforvaltninga, er å vere koordinator mellom offentleg og privat verksemd. Samstundes skal kommunen samhandle og ivareta ei rekke ulike interesser som veg, næring, busetjing, fritidsbustader, natur- og friluftsområde m.m.

Kommunen ønskjer å legge til rette for bygging og fortetting i alle bygdesamfunn. Offentlege tenester er i dag lagt til i tettstadane Bekkjarvik og på Storebø. Her vil òg kommunen legge til rette for

arealøkonomisering og tiltak som medverkar til attraktive sentre.

Spørsmål om etableringa av nye vegar er sentralt tema i arealforvaltninga.

I Austevoll er det heilt naudsynt og uunngåeleg at strandsona vert nytta for sikre tilgang på viktige område for nær sagt alle typar arealføremål. Nærleik til natur og gode fritidshøver er kvalitetar som må forvaltast og sikrast for framtida.

MÅL: Utvikle ein berekraftig arealstrategi.

Strategi: Revidere kommuneplanen.

6. ARBEIDE FOR Å IVARETA OG UTVIKLE AUSTEVOLL SOM SENTER FOR MARITM, MARIN OG OFFSHORE NÆRINGEN.

Austevoll har positivt fortrinn med ei samansatt næring, basert på fiskeri, oppdrett og offshore — og næringslivet har høg og unik kompetanse innanfor desse næringane. Kommunen har òg verksemdar som er underleverandørar til desse tre bransjane, som er spesialistar på sine fagfelt.

Kommunen er ein aktiv samarbeidspart med næringslivet. Austevoll har stort potensial til å vidareutvikle opplevingar knytt til mat, overnatting, friluftsliv og kultur. Visit Austevoll arbeider med å utvikle, etablere og informere om tilboda som kommunen har.

Austevoll vidaregåande skule er viktig for Austevoll kommune og gjennom prosjekt Blått kompetansesenter — Blue Future, kan innovasjon og dei blå næringane utvikle eit endå betre samarbeid med skulane, forskning og styrke kompetansemiljøa innan dei blå næringane.

Mål:

Legge til rette for ytterlegare vekst og utvikling innan dei blå næringane. Stimulere til

kompetanse- og erfaringsutveksling mellom bransjane, og medverke til å skape innovative løysningar og utvikle nye verksemder og bransjar.

Strategi:

Utvikle ein blågrøn næringsstrategi i samarbeid med næringslivet og utdanning- og forskingsaktørar i Austevoll.

7. UTBETRE VEG OG KOLLEKTIVTRANSPORT.

Austevoll har viktige utfordringar innan samferdsle. Kommunen har trong for betre ferjetilbod, oppgradering av vegnettet internt i kommunen, herunder gjennomføring av viktige trafiksikringstiltak, og betring av buss- og snøggbåttilboda.

Behovet for å betre regularitet på ferjeavgang er preserande. Trafikkutviklinga i begge ferjesambanda er aukande, både med tanke på passasjerar og køyretøy. Ny ferjekontraktar gjer seg gjeldande frå 1. januar 2018.

Det er et tydeleg signal frå ungdom og pendlarar at dei ønskjer eit meir fleksibelt kollektivsystem, både internt i kommunen og for reisande til og frå Austevoll.

Trafiksikringsplanen til kommunen peikar på at det er stort behov for mindre og større utbetringar av vegnettet internt i kommunen. Planen må gjennomførast og tiltak må sikrast finansiering. Det er vidare viktig at dei viktigaste flaskehalsane- og mest trafikkfarlege strekningane blir gjennomført. Dette gjeld særleg prosjekta ny bru i Torangsvåg, utbetring av veg over Storebø, ny tunnel gjennom Bjelland og gang- og sykkelveg langs fylkesveg frå Selbjørnsbrua til Fagerbakkevågen.

Mål: Utbetre veg og få eit meir fleksibelt kollektivsystem

Strategi: Utarbeide ein strategiplan for veg, gang og sykkelveg, kollektivtransport og ferje. Planen må være koordinerande med andre tverrsektoriell planar.

